



Klima- og miljødirektoratet

Vår ref.
15/56/K47/TORK/97515319

Dykkar ref.

Dato:
08.04.2015

Forslag til forskriftsendringar for meir effektiv felling av jerv

Rovviltutvalet i Norddal kommune hadde møte 10.02.2015 og handsama sak der ein tok opp spørsmålet om elektronisk overvaking av jervebås.

Vi viser til pkt 2.4 Kameraovervaking/elektronisk overvaking av jervebås i høyringsbrevet.

Jervebåsar som er utplasserte i kommunen, bør kunne overvakast med kamera. På denne måten kan båsane plasserast lenger vekk frå veg, og det er da større sjanse for å kunne lokke til seg jerv.

Når det gjeld elektronisk overvaking, har ein i dag kome langt når det gjeld gode og effektive løysingar som vil erstatte fysisk tilsyn og bruk av kikkert. Kameraet bør kunne styrast og ein bør ha 2 kamera for sikrere registrering.

Rovviltutvalet og beitenæringa i Norddal kommune meiner at kameraovervaking av jervebåsane er den mest humane og effektive måten å fange jerv på da ein får fortløpande melding om aktivitet. Ein ber om at det vert sett i gang prøveprosjekt i nokre kommunar. Norddal kommune er interessert i å vere med på slik utprøving da vi har personell som har erfaring på dette området.

Med helsing

Toralv Klokkehaug
næringssjef

Kopi til:
Fylkesmannen i Møre og
Romsdal

6404 MOLDE